



## Medlemmene i SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2400 - 17/16330

Saksbehandlar:

Torill Persson Solli

torill.persson.solli@lindas.kommune.no

Dato:

06.06.2017

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet

Tid: Onsdag 24.05.17, klokka 18.30

Stad: Ostereidet barneskule, personalrommet

Desse møtte: Eva Hindenes (FAU), Christine Veland (FAU), Therese Hopland (FAU), Marita Tunes (FAU), Oliver Veland Aasgard og Tiril Dalland (elevrådet), Nina J Eide og Leikny Bjørsvik (lærer), Randi Senneset (andre tilsette), Anita Bakken (Lindås kommune) og Torill Persson Solli (rektor).

### Sakliste:

Sak 13/2016-2017 **Godkjenning av**

a) Innkalling

b) Sakliste

c) Referat frå SMU-møte 06.03.17

Merknad til innkalling: Ikkje ha møte i tilknytning til ei langhelg.

Merknad til referat: SMU og SU har same leiar etter konstituering

Sakliste vart godkjent

Sak 14/2016-2017 **Resultat frå Miljøundersøkinga**

Rektor presenterte resultat frå miljøundersøkinga. Skulen fekk inn 110 svar av 124.

Dei fleste føresette er veldig nøgde med skulen. Det er likevel altfor mange

føresette som skårar skulen frå 3 (6 er best) og ned på saker som til dømes korleis

skulen handterer mobbing og elevsynet til personalet. Dette tek skulen på alvor, og

rektor har derfor gjennomført samtalar med alle elevane på skulen - «Snakk med

meg» samtalar. Her er det ikkje samsvar med det føresette svarer dersom dei

svarar utifrå korleis situasjonen har vore den siste tida. Skulen vil derfor sende ut

nokre følgjespørsmål der vi presiserer at dette gjeld den siste tida, ikkje dei siste åra.

Det er viktig for skulen å få det reelle bilete slik at vi kan vite kva vi skal gjere betre.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 15/2016-2017 **Nytt frå skulen**

- Ny veg opp til skulen er påbegynt.
- Skulen vil bli malt i sommar.
- Anita synes det er bra at skulane i Lindås har fått på plass ressursteam. Dette vil sikre oss at elever som har utfordringar fagleg eller sosialt, vil bli gripe fatt i og det vert sett inn tiltak.

Sak 16/2016-2017 **Eventuelt**

Fleirbrukshallen på Ostereidet er foreslått utsett til etter 2020. Skulen må engasjere seg saman med idrettslaget og dei andre skulane i krinsen. Ostereidet må prioriterast som ein av dei tre sentra i Lindås kommune. Det er opp til politikarane. Her må SU og elevane vere med i debatten.

Torill Persson Solli  
- Referent -

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Medlemmene i SMU